

# KYRKJEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 103

Kjem ut  
kvar måned

Mars 1939

Utgjevar og redaktør:  
Prost Slaattelid  
Davik

10. årg.

### Skolebarnas sang.

Mel.: O Helligånd du skatt så skjon.

Takk, Herre Gud, for hånden god —  
vi må den flittig røre, —  
takk også du for pine to,  
for munn og mål og øre.  
Takk, Herre Gud, for alt vi fikk,  
at alt er satt så godt i skikk.  
Å la oss dig tilhøre.

Må vi da, kjære Herre Gud,  
så bruke pine, øre,  
at vi kan lære dine bud  
og gjemme hvad vi høre,  
og glede oss å gjøre rett,  
og sky alt ondt og stygt og slett,  
og efter ditt ord gjøre.

Så går vi hjem til far og mor,  
og snille vil vi være,  
og lese flittig på det ord  
vi neste dag skal lære.  
Og når vi så i seng er gått,  
så vokte Gud oss trygt og godt  
og hos oss alltid være.

Lærer L. J. Eldevik.

### Tro er hjertets tillit.

Det går ikke an å tro uten å eie en rett kunnskap og en forstandens overbevisning om ham vi skal tro på. Men en korrekt erkjennelse og den mest uryggelige forsantholden er ennu ingen frelsende tro. Det nye testamente sier at slik tror også djevlene. Men det frelser dem ikke. De skjelver ved det. (Jak. 2, 19).

Mange mennesker skjelver ikke engang. Det faller dem ikke inn å tvile på at bibelen taler sant. Men det rører dem ikke — enda de vet at de ikke er frelst.

Hvad er det som mangler her? Det hele er enda ikke blitt en personlig sak. De vet det, alt med hodet, men står utenfor med

sitt hjerte og liv. Med all sin kunnskap om den hellige Gud er de ennu ikke blitt dømt og forskrekket over sig selv. Og derfor trenger de ikke og *kan* de ikke eie noget personlig tillitsforhold til Gud og frelseren.

Derfor hadde de gamle så helt rett når de sa at det skritt på troens vei som kommer næst efter forstandens tilslutning, det er hjertets sønderknuselse. Det er å være rammet av Guds dom i samvittigheten, slik at man som fangevokteren i Filippi spør i dødsens alvor og frykt: Hvad skal jeg gjøre for å bli frelst. (Ap. gj. 16, 30).

Da lyder svaret: Tro på den Herre Jesus! Det vil si: Da endelig når vi frem til troens kjernepunkt, som er hjertets fortrøstning til Kristus, en dristig tillit til at Gud tar imot også *mig* og tilgir også *min* synd for Jesu skyld, han som døde og stod op for mig.

Dette »også *mig*« er kjennemerket på den personlige frelsende tro. Tenk på forklaringsene til troens artikler: Jeg tror at Gud har skapt *mig* sammen med alle andre skapninger, jeg tror at Jesus Kristus er *min* Herre, som har gjenløst *mig*, fortapte og fordømte menneske, for at jeg skal være hans, jeg tror på den Hellige Ånd, som har kalt, opplyst, helliget og opholdt *mig* i troen, som gir *mig* daglig forlatelse, og på den ytterste dag skal vekke op *mig* og alle troende til evig liv!

Kan du av hjertet bekjenne *denne* troen? Da er du en »troende«.

Denne troen kan være en så viss, en så forvoven tillit, som Luther sier at man kunde dø tusen ganger på den. Men den kan også være svak, famlende og anfektet. Hvad det kommer an på er at jeg viser Kristus den tillit å gå til ham slik som han er, og slik som jeg selv er. Det er den samme Luther som har sagt at det jo ikke gjør stort fra

eller til om hånden som tar imot gaven, skjelver eller er stø, når jeg bare tar imot!

Men at Gud gjerne vil skape en *full og glad* tillit, er sikkert. Og her oppstår og vokser tilliten på akkurat samme måten som ellers i livet. Nemlig ved at han som begjærer tilliten, får lov å vise hvor helt han er å stole på.

Søk dypere inn i kjennskapet til ham! Sett ham på prøve! Se hen til Kristus og hør skriftens vidnesbyrd om ham! Og det skal gå dig etter det gamle ord: »De som kjenner dig, Herre, stoler på dig.« (Salme 9, 11).

Hovedlærer Smemo i »N. Mis.tid.»

### Bønn.

Allmeküge, gode Gud, som drar omsorg for hver eneste en av oss som om du kun hadde denne ene å dra omsorg for, og drar omsorg for alle som om der kun var én! Velsignet er det menneske som elsker dig og elsker sin venn i dig og sin fiende for din skyld. Jeg ser hvordan nogen ting forgår for at andre skal komme i stedet, men du forgår aldri. Min Gud og Fader, du som er uendelig god og er innbegrepet av alt som er skjönt, til dig vil jeg betro alt som jeg har mottatt fra dig, og således skal jeg intet miste. Du skapte mig for dig, og mitt hjerte finner ikke hvile for det hviler idag. Amen.

Augustin.

### De syv ord på korset.

#### I.

*Fader, forlat dem, for de vet ikke hvad de gjør.*

Da Jesus og de to røvere kom til Golgatahaugen, la soldatene som skulde korsfeste dem, korsene ned på marken og spikret de tre menn fast. Mens folkemengden ropte og skrek, reiste de så korsene op og satte dem fast i de huller i jorden som var laget til. Vi kan tenke oss for en forferdelig smerte der har fulgt med dette. Røverne forbannet vel soldatene som gjorde det, men Jesus lå stille, mens de naglet ham fast, og de eneste ord han talte, var en bønn til Gud om å tilgi dem som drepte ham: »Fader, forlat dem, for de vet ikke hvad de gjør.«

Jesus visste at han måtte dø. Han visste at bare således kunde han fullføre det arbeid som Gud hadde sendt ham til verden for å gjøre. Han blev vred på Peter, da denne vilde få ham til å undgå lidelsen ved

å holde sig borte fra Jerusalem. Men det var ikke lett å dø en slik død. I Getsemane hadde Jesus bedt inderlig at Gud måtte vise ham en annen utvei om det var mulig. Men der var ingen annen vei. Han måtte dø eller og svikte sin oppgave. Men han visste at soldatene som nu pinte ham bare lystret ordre. Når Gud vilde at han skulde lide og dø for å frelse verden, så kunde han ikke være harm på dem som utførte henrettelsen. De mente at han var en forbryter liksom røverne. Derfor dadlet Jesus dem ikke, men han bad Gud om å tilgi dem.

*Herre Jesus, hjelp også oss til å gjøre det som er rett, selv om det er hårdt. Hjelp oss til å tilgi dem som gjør oss ondt, liksom du tilgav soldatene.*

#### II.

*Idag skal du være med mig i Paradis.*

De to røvere som blev korsfestet sammen med Jesus, må ha undret sig over at en så stor folkemengde hadde fulgt dem fra Jerusalem. Men da de hang på hver sin side av ham, skjønnte de snart at han ikke kunde være en almindelig forbryter. Over hans hode så de innskriften: Jesus fra Nasaret, jødernes konge. De hørte at soldatene spottet ham. Prester og fariseere kom for å se ham. De hånte ham. Han hjalp andre,« ropte de. »La ham frelse sig selv om han er Messias, Guds sønn!« En av røverne, vill av smerte, skrek pludselig sammen med spotterne: »Ja, er du Guds sønn, så frels dig selv og oss!« Den annen røver vendte hodet for å se på Jesus. Han hang der taus og ophøiet, kongelig. Han svarte ikke med et ord på alle spotteropene. Med en gang forstod røveren. Det var sant! Jesus var virkelig en konge. Med en pludselig følelse av skam vendte han sig til den andre røveren. »Er du ikke redd for å tale slik når døden er så nær,« ropte han. »Vi fortjener vår straff, men han er uskyldig.« Og så talte han stilt til Jesus. »Herre,« sa han. »tenk på mig når du kommer i ditt rike.« Han hadde sett Jesu godhet og han kjente sig skamfull og sorgfull over sin egen synd og elendighet. Det var en bønn om tilgivelse.

Straks svarte Jesus ham: »Sannelig, idag skal du være med mig i Paradis.« Han vilde ikke svare sine bødler, men når

en bad om hjelp og tilgivelse, da gav han svar til tross for sin egen lidelse. Røveren kunde dø i fred, for han visste at Guds sønn hadde lovet ham et rum i Paradis.

*Herre Jesus, hjelp oss å se på din godhet og å se våre egne synder, liksom røveren, og gi oss nåde til i sannhet å sørge over dem.*

### III.

*Kvinne, se det er din sønn. — Se det er din mor.*

Midt i den store ilokk av fiender så Jesus en liten gruppe av venner. De kunde ikke hjelpe ham, men de kunde vært hos ham i de timer da han led. Hans mor, hennes søster, Maria Magdalena og Johannes, den elskede disippel, var der; de stod og så, ventet, lyttet efter hans siste ord til dem. Da Jesus så på dem, tenkte han på hvor alene hans mor vilde bli. Josef var død. Hvem vilde bry sig om henne, når hennes sønn var borte. I Østerland var det vanskelig for en enke, når hun ingen hadde til å forsvare sig. Han så den unge Johannes, som han elsket så høit, stå ved hennes side, og sa til henne: »Der er din sønn,« og til Johannes: »Der er din mor.« De skjønnte hvad det betydde. Fra nu av vilde Johannes ta sig av henne; hans hjem vilde være hennes hjem; hun skulde være trygg. Han la armen omkring henne, og Jesus visste at han hadde gitt sitt løfte om å verne om henne.

*Herre Jesus, hjelp oss til ikke å tenke bare på oss selv, men å tenke på de andre, liksom du tenkte på din mor.*

(Fra engelsk. Forts.).

### Skulen og kyrkja.

(Preike på Totland ved 50-årsjubileet åt Davik lærarlag, 28. desember 1938).

Tekst: **Mat. 28, 18—20.**

Den norske folkeskulen er i vår tid ein stor og sterk institusjon. Med sin hær av lærarar, sine mange tusen skulehus, sine millionbudsjett er den ei stormakt i folket sitt liv, ei av dei makter som har mest å seia for vårt lands framtid. Det kan då vera merkeleg å tenkja på at rota til dette verdige blomande treet er eit lite bibelord. For 200 år sidan sette fedrane våre i gang folke-

skulen. Det som dreiv dei til det var i grunnen Herrens ord i teksten. Han som vi trur på, han som er herre over himmel og jord, han byd at alle folk skal gjerast til kristne. Han vil at borna skal først til han. Dette var det skulen skulde tena til. Det var ein religionsskule fyrst og fremst. Å læra folket kristendom var det store målet. Å føra borna og dermed folket til Jesus, det var oppgåva.

Mykje er vorte onnorleis sidan 1739. — Tidene brigdest og menneskja med dei. Mange nye oppgåver har skulen fått etterkvart. Men prinsipielt set er målet over alle mål, oppgåva over alle oppgåver, framleies ubrigda: Å uppseda borna til kristne menneskje, læra dei upp i kristen tru og moral. Det er å hjelpa dei til å kunna bruka dei krefter som Gud vil gjeva til å leva eit godt og gagnlegt liv her på jorda som Guds born og tenarar, og til slutt å nå fram til det fullkomne i himmelen. Eller onnorleis sagt: gjera dei til Jesu læresveinar. Eg har ingen tvil um at alle lærarane våre her i Davik er samde i dette grunnsynet.

Jesus var og er den store barnevenen. Hans ord syner korleis han såg med ein sers kjærleik på borna. Han sette dei upp som eit mynster for dei vaksne. Mot dei vaksne med deira »klokskap« og instillingar og tru på seg sjølv, lyfter han upp barnehugen som det største, fordi den er nærast Gud. Han vil at dei små skal koma til han, han vart harm på dei som vilde hindra det. Her har barnedåpen sin plass. Den vil jo seia at fyrr vi kan gjera det allerminste sjølv og fyrr noko anna menneskje kan vera til hjelp for vår sjel, kjem Gud og gjer si gjering for oss og i oss. Han tek det heilt hjelpelause barnet til sitt barn, set sitt eige-domsmerke på det, tek det inn i sitt liv. Han er den fyrste, her er alt nåde. På denne grunnvollen, lagd av Gud sjølv, skal heimen byggja. Å halda borna fast hjå Jesus, det er den største av alle foreldreplikter. Å læra dei upp til å be til Gud, til å bruka hans ord, til å halda seg burte frå alt vondt, syndigt og stygt. Å for ei oppgåva og for eit ansvar, når Herren skal krevja oss til rekneskap for våre borns sjeler.

På grunnlag av dåpen og heimen kjem so skulen og læraren sitt arbeid i religionsupp-

læringa. Målet for den er å halda borna fast hjå Jesus, hjelpe dei til å vera og verta kristne. Difor gjev ein dei kristeleg kunnskap. Dei skal læra um Gud, um hans frelse og vilje, slik som han har openberra seg for oss. Dei skal veta um kva han har sagt og gjort og vil. — Det har vore på moden å tala nedsetjande um kristeleg kunnskap og kva den har å seia. Ein har sett kunnskap upp mot liv, som motsetningar. Det er tanke-løyse og dårskap. Kunnskapen er jo grunnlaget for det andre, den skal og må vera fyresetnaden for liv i Jesus. Misjonæranne i heidningland veit kva kristeleg kunnskap har på seg. Denne kunnskap gjev skulen fyrst og framst. Den skal gjera det. Borna skal verkeleg læra og ha greie på kva dei skal tru og gjera. Men ved sida herav kjem so for læraren: påverknaden, innprentinga av kristen tru og moral, det praktiske. Kunnskapen må ikkje vera død. Det å gjeva kunnskap og å påverka må høyra saman. Å sameina desse tvo er den store oppgåva. Å kunna styra millom dei tvo skjera: Berre turr, livlaus kunnskap eller berre sentimentalt prat utan innhald. Hovudvilkåret er her naturlegvis, at læraren sjølv lever i det han skal lære borna, sjølv praktiserar det han innprentar. — Kva hjelp er der t. d. i at han innprentar borna sanninga um nattverden, dersom han sjølv ikkje går til altars?

Her i religionsopplæringa er lærane kyrkja sine tenarar i sers meining. Her har dei si spesielle tenargjerning ovanfor Gud. Det gjeld jo i alt menneskeliv: Det største er å tena. Og her tenar ein den høgste av alle herrar, som har all makt i himmel og på jord, men som sjølv kom for å tena. Ein tenar han i arbeidet med borna, og ein tenar dermed den kristne kyrkja i vårt folk på ein måte som ikkje kan overvurderast. I 900 år har det vore ei folkekyrkje i vårt land. Det vil seia: Folket som folk vil vera kristent, staten stydjer det kristeleg arbeid, stat og kyrkje star saman. Men vilkåret for dette er at *heile* folket far kristeleg kunnskap og kjem under Guds ords påverknad. Og det vil igjen seia at grunnvollen for statskyrkja eller folkekyrkja er heime fram kristendomsopplæringa i folkeskulane. Det er eit faktum som har vore altfor lite paakta ofte. Den som er fiendar av den kristne tru og vil ha

den burt, dei ser det og vender fyrst og fremst sine våpen mot religionsopplæringa i skulen. Dei som held på kristendomen vil vel kanskje ikkje skyna det retteleg fyrr det er for seint. Um kristendomsopplæringa kom burt, kva vart fylgjen? At ein større og større del av folket etterkvart kom burt frå all kristeleg påverknad og gleid ned i fullstendig heidenskap. Folket som folk vilde ikkje lenger ha noko med kristendomen å gjera. Soleis er det i Amerika og andre land. Og det er Ludvig Hope som skriv: De som er so ferdige til å fordøme religionsopplæringa i folkeskulane våre — reis til Amerika og bli vise! Forkynninga i kyrkja og alle andre stader er bygt på det som skulen har gjeve. Ein fekk sanneleg sjå skilnaden i alt kristeleg arbeid um dette var burte. Når ein ser på kyrkja i vårt land og den stilling som den har, og ein ser berre på det menneskjelege, det ytre, i bygnaden, då er det i røynda slik: Grunnmuren, den berande grunnvollen, er skulen sitt arbeid. På det byggjer so den offisielle kyrkja. Og på skulen og kyrkja byggjer so igjen dei frivillige organisasjonane. Her har våre lærarar gjort eit arbeid som ikkje kan verdsetjast høgt nok. Og for den som trur at det avgjerande for eit folks liv og framtid er den stoda som det tek til kristendomen, er det so um å gjera at religionsopplæringa i skulen vert halda uppe, og at det framleies er ei rett opplæring. Kva gagnar det eit menneskje, um det vinn all verda, men misser si sjel. Skulen sjølv vilde missa si sjel den dagen bibel og katekisme vart kasta på dor. Det er godt for eit folk å få høg opplysning og nyttig kunnskap i alle verdslege ting. Men det er enda viktigare for eit folk og for folket si framtid å ha moralsk ryggrad, plikt-kjensle og andsvarskjensle. Kunnskap er makt, det er sant. Men denne makta kan tena det vonde likso vel som det gode, krigen som freden, øydeleggjinga som oppbyggjinga, Satan som Gud. Ein skule utan Gud, det er ein skule utan hjarta, utan det viktigaste. Det skulde vel vera klart i vår kaotiske tid, då det ser ut som om alle band, som har bunde livet saman, held på og losnar. Gud gjeve at dei aldri fekk riva sund det band millom kristendomen og vårt folk som våre fedrar har knytt og gjeve oss i arv

i kristendomsopplæringa i skulane våre. — Gjev det aldri måtte strykast som motto for skulearbeidet: Gjer alle folk til mine læresveinar, lat dei små borna koma til meg.

Vi takkar alle lærarar i Davik, dei som no er døde og dei som lever, for det arbeid som dei har gjort for det høgste målet: hjelpe borna til å vera kristne. Fruktene av dette strev ligg jo ikkje alltid opne i dagen. Det er eit arbeid i tru. Oftast får ein ingenting sjå, ofte lyt ein syrgja, ein og annan gongen får ein sjå og gleda seg. Men alt det arbeid som er gjort i viljen til å tena den Høgste, i kjærleik til Gud, i truskap mot han. — det er ikkje låfengt. Til slutt vil ein få sjå det, når arbeidsdagen er over og kvila kjem. Det galdt og det gjeld for tusenvis av lærarar i vårt land, — slike som gløymdest og skal gløymast av menneskje, slike »hvis navne ei for mengden funkle, men som fikk gavne, glede i det dunkle,« — at dei vart til velsigning. Og finst det noko større enn det? Gud hjelpe alle som arbeider i våre skular til å sjå sitt arbeid som ei teneste for Gud, til å »oine idealet bak sitt virke,« til å sjå det store midt i kvardagsstrevet. Då kan ein og i tru og med andmjuke hjarto ta til seg *lovnaden* frå livsens Herre, Frelsaren og Kongen: Sjå eg er med dykk alle dagar. I all trufast teneste for han er han med og signar og tilgjev og hjelper. Gud signe våre skular, våre born, våre lærarar, i sin nåde. Amen.



### Våre døde.

22. jan.: Signe Johansdtr. Nygard; ug. tenar; f. 1907.

30. jan.: Harald Etterdal, son til Peder H. Etterdal, Endal; f. 1938.

13. febr.: Johanne Abelsdtr. Eikas, karenkje, f. 1859.

**Herren skal vera deg ævelegt ljøs.**

Es. 60, 20.

### Til minne.

Som liten blome upp du rann,  
du kjære veslegut,  
skapt av Guds eigi kjærleikshand  
og til hans eignalut.  
Me berre litt deg lana fekk,  
for du til himlen auter gjekk,  
til livsens lukkeland.

No sit me att i sorg so stor  
for deg me fekk so kjær.  
Det er so tungt, so tungt på jord  
når barnet burte er.  
Men yver lyser voni klår:  
Me finn deg att, du guten vår.  
Det trues-auga ser.

Gud vere takk for alt han gav  
i glede, sorg og sagn.  
Me takkar andmjukt yver grav,  
det vert oss alt til gagn.  
Og han som kjenner dagar, år,  
han lækjing hev for alle sar  
og turkar taror av.

Johanne Bakke.

### Under forfylgging.

I ei grend attmed Kostroma i Russland vart kyrkja stengd av styremaktene for tvo år sidan og vart siste sumaren nytta til vertshus. Det er mange mil til den nærmaste kyrkja. Presten held no i løynd gudsteneste i ei løde, der taket er utett og den iskalde vinden trengjer inn. Det er forbode å halda jordfesting ved gravene og han har ikkje eingong lov å koma inn på gravplassen. Difor har ein skipa »jordfesting på avstand«, som ein kallar det. Når ein truande døyr, kjem presten saman med slektningane i løyndom og les gravferdsritualet over eit eller anna klædestykke som tilhørde den avlidne. Denne »innvigde klædnad« vert so lagt i kista fyrr den borgarlege gravferd. I andre høve tek ein ein neve jord frå grava, innvigjer den i løynd og kastar han so på kista.

Sidan ein reknar alle religiøse seremoniar for å vera »fiendtlege mot staten«, torer brudefolk ikkje å la seg vigja av ein prest. I Smolensk der alle kyrkjene er stengde, sender mange brudepar ringane sine til ein prest og bed han signa dei. Ofte har han mange slike gifteringar som er sendt til han. So les han ritualet ved brudevigsla over ringane og sender dei attende; då vert det set på som eit kristent ekteskap.

I Moskva var der i 1917 1624 kyrkjer; no er der ikring 20 att. Dei andre er stengde og i mange tilfelle nedrivne. Men trass i den antikristelege agitasjon som alle statsmaktene driv, er desse kyrkjene overfylte ved alle gudstenester. Ein lyt ofte mota fram fleire timar i fyrevegen, skal ein sleppa inn.

og mange må stå ute og høyra på. Ikkje so sjeldan kjem folk frå politiet og set fast presten og kyrkjelyden midt under tenesta. Kor djupe røter religionen enno har i det russiske folks sjel, syner det faktum at berre i ei einaste kyrkje i Moskva vart det siste året selt innvigde kjerteljos for 200 000 rublar! At ungdomen i Russland for ein stor del ikkje ligg under for propagandaen mot gudstrua, syner fylgjande hending. I Kiev vart 800 skuleborn uventa ransaka av folk frå Gudlausesambandet, og av dei var det over 600 som hadde krossar eller andre heilage bilete på seg. Kommissæren spurde i sinne kva dette »tullet« skulde tyda, og ein modig gut svarta: »Det er for at Gud skal hjelpa oss ved eksamen.« Han vart straks jaga frå skulen.

Når den siste kyrkja er stengd på ein stad, dreg prestane på vandring, går frå stad til stad, preikar i private hus eller uthus eller under berr himmel. Klæda er ofte fillute, og deira einaste føde eit hardt brødstykke i den sekken dei ber på ryggen. Dei vert vel mottekne av folket, men vé dei um dei fell i hendene på ein embetsmann. Då er det fengsel eller landlysing. — Nyleg fekk eg sjå eit skriv til det russiske presteskapat; det var prenta løynleg og ulovleg. Der stod: Ta staven din og gå ut. Um dei spør deg: »Kvar kjem du ifrå?« so svar: »Eg har ingen heim.« Um dei spør: »Kvar skal du fara?« so svar: »Eg søker dei truande alle stader.«

Slike prestar har ein tidlegare landlyst eller sett fast. No prøver ein ofte ei onnor råd for å bryta med deira tru; dei vert nøydde til kvar dag å høyra ein tale mot religionen. Eg såg presten vår for ikkje lenge sidan i lag med fleire andre i eit antikristeleg mote. Med myrkt andlet sat han der; det var greiddt å sjå at trua hans ikkje var rikka.

Frå engelsk.

### Du som er borte fra Jesus.

Du som er borte fra Jesus,  
bort ifra himlen du går.  
Synden dig skiller fra Jesus,  
bundet i lenker du står.  
Vend dig til Jesus, til Jesus!  
Han som kan løse hvert bånd.  
Vend dig til Jesus, til Jesus,  
grip nu hans trofaste hånd.

Du som er borte fra Jesus,  
går uten glede og ro,  
bare om sjelen fant Jesus,  
fred i ditt hjerte kan bo.  
Vend dig til Jesus, til Jesus!  
Han som kan løse hvert bånd.  
Vend dig til Jesus, til Jesus,  
grip nu hans trofaste hånd.

Du som er borte fra Jesus,  
døden er grufull og kold.  
Hvor vil du hen uten Jesus,  
når døden dig tar i sin vold?  
Kom nu til Jesus, til Jesus!  
Med dig på veien han går.  
Kom nu til Jesus, til Jesus,  
da freden i himlen du når.

Du som er borte fra Jesus,  
og gjorde mot kallet dig hård,  
lukk op ditt hjerte for Jesus,  
vennen som allting forstår.  
Kom nu til Jesus, til Jesus!  
Med dig på veien han går.  
Kom nu til Jesus, til Jesus,  
da freden i himlen du når.

Sofie Strand.

### Notisar.

**Til heidningmisjonen** er i Davik og Dombestein krinsar i 1938 kome inn: Frå ein unemnd 10 kr., Dombestein misjonsforeining 76.45, Davik misjonsforeining 510.19 (herav 25 kr. til Israelmisjonen og 25 kr. til Santalmisjonen). Renter 2.06.

**Sjukerøktlaget.** Innkome: Offer: Totland kr. 25.20. — Medlemspengar: Elde 5, Alfot 36, Haus 16, Levdal 23, Isane 17, Bortne 11, Oldeide 2, Rimstad 1, Maurstad for 1938 64, Reksnes 17, Dombestein 14. — Jolelodd: Reksnes 5, Rimstad 6; Levdal, Isane, Bortne, Oldeide, Almanning, Dombestein 5 kvar, Leirgulen 0.75, Davik 10. Merke: Reksnes, Levdal, Isane, Bortne, Oldeide, Leirgulen, Dombestein 2 kvar; Rimstad, Almanning, Davik 4 kvar; Rugsund 6. — Maibloamar: Reksnes 5, Maurstad 15, Dombestein 4. — Gåver: Unemnd i Almanning 5, lærar Karl Domstein 5. — Basarar: Reksnes 100, Almanning 30. — På årsmøtet 21. jan. vart rekneskap for 1938 godkjend. Innkoma har minka noko siste året so eiga er gått ned med kr. 260.70. — Lærar Årdalsbakke vart vald til formann, fru Drageset til varaformann. Dei andre i styret er: fru Tora Leite, fru Sveine, fru Brita Benæs, lærar S. Husevag.

**Basarar:** 13. jan. i Levdal til redningssaka 84 kr. 25. nov. i Bortne til heidningmisjonen 84.95 + bøssepengar 27.70.

I 1937 vart det i vårt land lagt ut 172.7 millionar kroner til brennevin, vin og øl. Mengda av rusdrykkbruket har auka sterkt sidan 1933. Det er i sanning å bruka pengane på ein nyttig måte!

**For 100 år sidan.** Døde: 3. mars 1839 Mette Rasmusdtr. Møchlebust (Ålfot), kårkone, 91 år. — 7. mars Anne Pedersdtr. Sigdestad gårdmannskone, 68 år. — 8. mars Gunder Andersson Isehaugen, gårdmanns sønn, 24 år. — 13. mars Marthe Jacobsdtr. Blaafid, gårdmannskone, 83 år. — **V i g d e:** 10. mars: Niels Blaafid, son til Ole Nielsen, 24 år, født i Bergen, og Kari Vingen, 40 år, dtr. til Johannes Johannesen Vingen. — 31. mars: Mons Møchlebust, plassmann, 28 år, son til Hans Olsen, og Magdali yttre Isene, 28 år, dtr. til Lars Jacobsen. — 31. mars: Ole Lund, gårdmann, son til Stephen Olsen, 26 $\frac{1}{4}$  år, og Kari Aardal, dtr. til Peder Iversen, 20 år.

**Til kyrkjeverje i Ålfot** er vald Hans O. Myklebust.

**Prostihjelperepresten** skal arbeida her i prestegjeldet 19. mars til 15. april.

#### Gudstenester:

Midfaste søndag,	19. mars:	Totland.
Maria budskaps s.	26. »:	Davik.
Palmesøndag,	2. april:	Ålfot.
Skjortorsdag,	6. »:	Davik.
Langfredag,	7. »:	Rugsund.
1. påskedag,	9. »:	Davik.
2. påskedag,	10. »:	Ålfot.
1. sund. etter påske,	16. »:	Berle.
2. sund. etter påske,	23. »:	Totland.

**Kvittering for kontingent:** P. Johnsen, Oline Mettenes, Nils A. Havnen, Astrid Dømsten, Bernt Indredavik, Kristense Vik, Valborg Sårheim, Andreas A. Indredavik, Maria Nymoen, Jakob Heggedal, Johannes Hundeide 2 kr. — A.S.E. 7 kr. — Kristine Bakke, Kaia Indredavik, Knut P. Indredavik, Peder Kreken 2.50. — L. P. Lefdal, Sigurd Isane, Rasmus O. Myklebust, Jemund Myklebust, Lars Torheim, lærar Midthjell, lærar R. Førde, Dorteia Rødhjelle, Mrs. Anna Aalen, Johannes Sunde, Peder H. Etterdal 3. — Synneve J. Klubben, Mrs. John Svensen 5 kr. — Olav Haus 4 kr. — Tilsaman 86 kr.

Hjarteleg takk til alle.

### Sankt Sunniva.

Fra **Sigrid Undset:** »Norske Helgener«.

(Forts.).

Sunniva skaffer nu skiber. Og de som vilde følge henne gikk ombord, våpenløse og uten rustninger. Så la de ut i båter uten seil eller ror eller årer. For Sunniva vilde vise at hun stolte mere på Guds allmakt enn på menneskelige råd og hjelp; hun la sin og sitt følges skjebne i den levende Guds hånd. Han fikk sende dem hvorhen han vilde. De drev ut i rum sjø, og strømmen førte skipene deres nordom Skottland. Lavt nede mellom Pentlandsfjordens bølgerygger blev de søkklastede batene båret forbi vikingebølene inne på fastlandet i Skottland og ute på Orkn-

øyene. Kanskje har flyktningene sett viking-skiber med stavede seil i det fjerne og angstfullt bedt Gud frelse dem usett forbi. Om en stund sank Katanes' bratte høider under synsranden, og så så de bare havet og sjøfuglen og skyer og tåkebanker som så ut som land i det fjerne og blev borte igjen. Men til sist skimtet de en grå fjellkyst forut.

Sunnivas tre skiber drev først inn til kysten et sted i Firdafylke, men folket tok imot dem med pileskudd og stenkast. Det var nu ikke så rart — i hine tider hadde småfolk langs havstranden sjelden noe godt å vente av gjester fra sjøen, og disse drivende skutene har vel lignet skibbrudne vikingfartøier med sultne og vilde menn ombord. Så helgenbiografens harme over den mottagelse som folket gav de hellige, er nokså urettferdig. Men Sunniva måtte igjen overgi sin lille flåte til strømmen og bølgene. En storm splittet den, og et av skibene skal være drevet inn til Kinn. Der står visstnok ingen steder at disse irerne som kom til Kinn, skal ha lidt martyrdøden. De kan like gjerne ha levet sitt strenge eneboerliv derute til, de døde en naturlig død, og har kunnet fortelle forhistorien om sine feller som fant døden på Selja.

De to andre skibene, med Sunniva ombord på det ene, drev videre nord og innover en bred åpen havbuk. Mot nord stenger den gråblå fjellmuren av Statlandet for synet. Ute i bukten ligger noen øer, og overalt glitrer det hvitt av brenning, selv på godværsdager, langs stranden og over lave holmer og undervannsskjær. Iernes skiber blev båret innover mot en ø som setter sin fjellrygg høit mot himmelen. Foran ligger en lavere holme og skjuler utsikten inn til fjorden innenfor. Legenden nevner ikke hvor de gikk i land. Men på nordenden av Selja er det et sted som nu heter Hællmarvikja, — i eldre dokumenter Heilagsamannavik (de hellige menns vik). Det er en liten grop mellom svabergene, den blir full av vann når sjøen flor. Tradisjonen har vel en gang utpekt dette stedet som Sunnivas landingsplass. Selja var ikke den gangen så naken som den nu er. Der har vært endel skog, der var rikelig med ferskvann, fisk i havet og et yrende fugleliv ved stranden. De irske

eneboerne, som i den tidlige middelalder slo sig ned på øene rundt om i Atlanterhavet, helt op til Færøene og Island, levde mange steder under hårde kår. Og på vestsiden av Selja, hvor bratte berghamrer stuper ned mot storhavet, med en liten grønn slette ved fjellfoten, var der store hellerer oppe i berget. — Sunniva og hennes følge slo sig ned i hulene. Og der levde de i lang tid, sier sagaen, og tjente Gud med ydmykhet og i mange slags avholdenhet. Fra hålene oppe i berget så eneboere utover Nordsjøen. På uværsdager, når havet bryter under øen, driver skummet som støvregn høiere enn ryggen av øens fjell. Men på godværsdager ligger bukten bred og blank utover mot kimmingen — enda det alltid bryter over de nakne rødgrå holmene, hvor sjøfuglen holder til, og høie hvite sprut leker ute omkring pynten av Stattlandet, hvor fjellmuren slutter brått og de lange dønninger møter undervannsbåene. »Havets strømmer klapper i hendene, fjellene jubler sammen for Herrens åsyn.« (Salme 98, 8). Den veldige naturfølelse i Davids-salmene har gjort sitt til å vekke den bevisste naturfølelse som i middelalderen dukker op overalt i den katolske kirkes spor. Også i de irske eneboersamfund bad de daglig disse salmer, og på Selje har de vel også hatt et ritual som de bad sammen, mens havet strømmet under dem og »klappet i hendene« og Stattlandets kyst stod som sammenstimlede fjell for Herrens åsyn.

Det levet ikke folk på Selja den tiden, men gårdene inne på Statt og langs Moldefjorden brukte øiene i bukten til beite for hester og fe. Da de nu inne på land så at fremmede mennesker hadde slått sig ned på nøen, trodde de det måtte være ransmenn som vilde forgripe sig på feet de hadde gående derute. De sendte da bud til Håkon Jarl, at det var kommet vikinger til Selja, og de hadde gjort stor skade på kveget som gikk der. — ikke før hadde de begynt å frykte for slikt, så var de naturligvis med det samme sikre på at det hadde alt gatt hårdt ut over buskaper deres. Og jarlen drog ut, væbnet som til kamp mot fremmede vikinger, og seilte til Selja for å straffe roverne. Nu står det i sagaen: »Men da de gode Guds venner derute så dem komme, tyktes de å vite at de vilde bli overfalt. De gikk inn i

hulene sine og bad til den allmechtige Gud, at han vilde gi deres sjeler den evige salighet, hvilken død de så enn døde, og de bad også Gud, at Han i sin miskunn vilde unne dem en slik begravelse, så hedningene ikke skulde få deres legemer i sin makt.«

»Hvilken død de så døde —.« Det var menn og kvinner og små barn i flokken. — Døden var de ikke redde for, disse menneskene som hadde gitt sig Atlanterhavet i vold, men de var redde for det som de visste kom til å gå forut for døden, hvis de falt i hedningenes hender. Hvem tør være sikker på at han kan bevare sin sjel fra fortvilelse og fra oprør mot Gud, hvad der enn skjer med ham selv, eller med hans hustru eller søster eller datter? Er noen mor viss på at hun kan bevare sin tro på Guds godhet, hvad hun enn får se at onde mennesker gjør med hennes barn? Altså bad de om å få hvile i Gud, »hvilken død de så enn skulde dø«, og at deres legemer ikke måtte falle i hendene på Håkon Jarls kjemper, hverken levende eller døde.

Da brast fjelltaket over hellerne, og stenraset stengte for inngangen. Håkon Jarls folk gikk i land på øen, men de kunde ikke finne et levende menneske der.

Nu gikk det en tid, det står ikke hvor lenge. Da kom to storbønder fra Firdafylket på at de skulde seile nordover til Trondheimen og hilse på Håkon Ladejarl. De fór nordover langs kysten, og en natt da de lå utfor Selja, fikk de se et underlig lys over øen. Det så ut som det strømmet ned fra himmelen og samlet sig om et sted i fjæren så glansen av det speilet sig i sjøen. Sogningene tok båten sin og rodde i land, og der hvor lyset falt over stranden, lå et dødningshode. Det var snehvitt og blankt, og det anget en rar, søt lukt av det. De var hedninger så de skjønte ikke hvad dette kunde være for noe, men de tok da op dødningshodet og tullet det inn i et rent plagg. De vilde ta det med til Håkon Jarl, for de hadde hørt frasagn om hans store visdom, så han måtte vel kunne si dem hvad dette var. Men da de kom nordenfor Statt, fikk de høre at jarlen var blitt drept, og nu var det den navngjetne sjøkongen, Olav Trygvesson, som var Norges herre. (Forts.).